Booklet - Slåttar frå Trøndelag:TA64CD  11.01.10  12.19  Page 2

**ORIGINALUTGJEVING**
**Redaktør og produsent:** Rolf Myklebust
**Opptak:** NRK 1952–1962
**Teikning:** Kari Rolfsen
Utgjeve av RCA Victor i samarbeid med NRK

**NYUTGJEVING**
**Redaktør og produsent:** Gunn Sølvi Gausemel, NRK
**Tekst:** Rolf Myklebust / Red. 2010
**Prosjektleiar:** Frode Rolandsgard, ta:lik
**Lydrestaurering og mastering:** Terje Hellem, NRK
**Grafikar:** Eva Karlsson
**Engelsk omsetjing:** Laura Ellestad
**Økonomisk støtte:** Norsk kulturråd og Rådet for folkemusikk og folkedans
Takk til tidl. programsekretær i NRK Lisa Halvorsen for konsulenthjelp.

78 plater, EP- og LP serien «Norsk folkemusikk» vart utgitt av NRK og plateselskapet RCA mellom 1953 og 1974. Nyutgjevinga av serien blir gjort av NRK og plateselskapet ta:lik, i samarbeid med Arne Bendiksen records.

The series "Norsk folkemusikk" comprises a number of 78s, Eps and LPs released by the NRK and RCA Records between 1953 and 1974. The recordings by Hilmar Alexandersen, Sven Nyhus, Peder Nyhus and Glåmos spelemannslag were originally released in the EP format, then as LP in 1974 (RCA FLP 18).

t:



# SLÅTTAR FRÅ TRØNDELAG OG RØROSTRAKTENE

Hilmar Alexandersen
Sven Nyhus
Peder Nyhus
Glåmos spelemannslag



NRK

## SLÅTTAR FRÅ TRØNDELAG OG RØROSTRAKTENE

**Hilmar Alexandersen (1903–1993)** var frå Steinkjer. Han er ein av dei store spelemennene i norsk folkemusikk på 1900-talet. Han er også heilt sentral som tradisjonsberar av musikken til dei reisande i Noreg. Hilmar Alexandersen var ein av dei få på 1900-talet som livnærte seg som bygdespelemann heile livet. Hilmar Alexandersen hadde musikkarv både frå fars- og morssida.

Det var i 1954 at NRK vart merksam på Hilmar Alexandersen. Fram til då var han ukjent utover landet.

Det vart etter kvart mange oppdrag for NRK. Til saman har folkemusikkarkivet over 500 opptak med han. Svært mange vart kjende med denne uvanlege spelemannen gjennom Folkemusikkhalvtimen.

Programsekretær i folkemusikkredaksjonen i NRK, Rolf Myklebust, skriv i boka «50 år med norsk folkemusikk»:

*Eg vart overlukkeleg då eg første gong høyrd Hilmar Alexandersen spele fele heime hjå seg sjølv hausten 1954. Alexandersen var då nær 51 år gammal. At vi ikkje hadde høyrt gjete denne spelemannen før? Han handterte fela som ein virtuos, tekniske vanskar merkast ikkje, fingerteknikk og bogeføring var fullkomen. Spelet var som ein leik å sjå til, med smygande eleganse i framføringa. Musikken hadde liv og spenning i seg, trollskap og trylleri.*

/red. 2010

**Sven Nyhus (f. 1932)** frå Glåmos, byrja å spela fele som ni-åring og som 18 åring kunne han heile repertoaret til faren, Peder Nyhus. Etter Landskappleiken på Røros i 1950 tok han initiativet til å starte Glåmos Spellemannslag. Sven var aktiv spelemann i Rørosdistriktet fram til 1952. Deretter flytta han til Oslo og i 1956 tok han eksamen som orkestermusikar ved Musikkk-konservatoriet. Han var solobratsjist ved Nationaltheatret, Operaorkesteret og Kringkastingsorkestret. Frå 1961-1971 var han tilsett i Filharmonisk Selskaps Orkester. Men Sven Nyhus var også heile tida aktiv som folkemusikar. I 1969 danna han sitt eige orkester, Sven Nyhus kvartett, saman med trekkspelaren Tore Løvgreen. Orkesteret har gjeve ut 18 plater og har to gongar fått Spellemannprisen. Sven har også gjeve ut fleire soloplater, og han fekk Heidersprisen under Spellemannprisen i 2000.

Frå 1971 var Sven engasjert i arbeidet med transkripsjon av slåttar til det sju band store hardingfeleverket »Norsk folkemusikk«. I tillegg har



twice been awarded Spellemannprisen (the Norwegian equivalent of a Grammy Award). Sven has also released several solo albums, and he was awarded Heidersprisen (a prize of honour) during Spellemannprisen in 2000.

Beginning in 1971, Sven was engaged in the task of transcribing Hardanger fiddle tunes for the seven-volume work, Norsk Folkemusikk (Norwegian Folk Music). In addition, he has released several tune collections and composed about 100 tunes. In 1978, Sven Nyhus succeeded Rolf Myklebust as head of the folk music department at NRK. From 1990 to 2002, he was Professor of Folk Music at the Norwegian Academy of Music in Oslo. In 2002, he was appointed Commander of the Royal Norwegian Order of St. Olav for his contribution to Norwegian folk music. Sven Nyhus is still an active fiddler.

On this album, **Peder Nyhus** plays four tunes together with his son Sven Nyhus, who adds harmony parts. Peder learned tunes from his father Sven Paulsson Nyhus, Ola Klemmetvold, Ola Solhus sr. and Henrik Mølmann.

/red. 2010

**Glåmos spelemannslag** has maintained a presence on the NRK's traditional music broadcasts ever since the group's inception in 1950. Peder Nyhus is the group's mainstay and the principal source of its unusually large repertoire. The NRK's traditional music archive includes recordings of more than 200 tunes by Glåmos spelemannslag.

Glåmos spelemannslag have a characteristic sound and playing style that set them apart from other fiddlers' groups. The local Glåmos tradition, established by Ole Sulhus (1811-1897) and Ole Klemmetvold (1871-1948), together with influences from Gudbrandsdalen, Østerdalen and the Swedish region Härjedalen have been instrumental in shaping the particular Røros tradition represented by Glåmos spelemannslag, the most distinctive traditional music to be played on ordinary fiddle inn this country.

/Rolf Myklebust, 1970

**POLS** is a couple dance in 3/4 meter peculiar to Østerdalen, Trøndelag, Northern Norway and Nordmøre. A number of local variations exist, probably local adaptations of Polish Renaissance dances brought to Scandinavia in the 17th century. The best-known variation is found in the Røros area, where pols is a natural part of youth dances to this day, making it one of the most vital Norwegian folk dances.

**Hilmar Alexandersen (1903–1993)** was from Steinkjer. He was one of the great fiddlers in Norwegian folk music during the 20th century. He was also a central bearer of the music tradition of the traveling people in Norway. During the 1900s, Hilmar Alexandersen was one of the few who was able to make a living as a fiddler throughout his entire life. Hilmar Alexandersen had inherited music from both his father's and his mother's families.

It was in 1954 that NRK (Norsk rikskringkasting, the Norwegian state-owned public broadcasting company) became aware of Hilmar Alexandersen. Up until then, he had been unknown throughout the country.

As time went on, Hilmar Alexandersen accepted many assignments at NRK. All together, the folk music archive has over 500 recordings of him. A great many were introduced to this extraordinary fiddler through the Folk Music Half-Hour (Folkemusikkhalvtimen, NRK's weekly radio program focusing on folk music).

Rolf Myklebust, the program secretary on the folk music editorial staff at NRK, wrote in the book 50 år med norsk folkemusikk (50 Years with Norwegian Folk Music): *"I became overjoyed the first time I heard Hilmar Alexandersen play fiddle at his home in the autumn of 1954. Alexandersen was nearly 51 years old at the time. How could it be that we hadn't heard mention of this fiddler before? He handled the fiddle like a virtuoso, technical difficulties could not be perceived, his finger technique and bowing were perfect. The playing was like a game to look at, with gliding elegance in the performance. The music had life and excitement in it, magic and enchantment."*

/red. 2010

**Sven Nyhus (b. 1932),** from Glåmos, began to play fiddle as a nine-year-old, and as an 18-year-old, he had learned the entire repertoire of his father, Peder Nyhus. After Landskappleiken (an annual Norwegian national folk music and folk dance competition) in Røros in 1950, he took the initiative to start Glåmos Spellemannslag (a local fiddlers' association). Sven was an active fiddler in the Røros district up until 1952. After that, he moved to Oslo, and in 1956, he graduated from the Conservatory of Music as an orchestra musician. He was a solo violist for the National Theatre, the Norwegian Opera orchestra and the Norwegian Radio Orchestra. From 1961 to 1971, he was employed in the Orchestra of the Philharmonic Company. But Sven Nyhus also remained active as a folk musician throughout this time. In 1969, he formed his own ensemble, Sven Nyhus Quartet, together with the accordionist Tore Løvgreen. The ensemble has released 18 albums and has



han gjeve ut fleire slåttesamlingar og komponert omlag 100 slåttar. I 1978 vart Sven Nyhus sjef for Folkemusikkavdelinga i Norsk rikskringkasting (NRK) etter Rolf Myklebust. Frå 1990-2002 var han professor i folkemusikk ved Norges Musikkhøgskole i Oslo. I 2002 vart han utnemd til Kommandør av St. Olavs orden for sin innsats for norsk folkemusikk. Sven Nyhus er framleis aktiv spelemann.

På denne plata spelar **Peder Nyhus** fire slåttar i samspel med sonen Sven Nyhus, som legg til andrestemmer. Peder lærte slåttar frå faren Sven Paulsson Nyhus, Ola Klemmetvold, Ola Solhus d.y. og Henrik Mølmann.

/red. 2010

**Glåmos spelemannslag** har vore å høyre i folkemusikk-programma i Norsk rikskringkasting heilt sidan laget vart skipa i 1950. Peder Nyhus er hovedpersonen i laget og den vissaste kjelda for innøving av slåtterepertoaret som er uvanleg stort. Folkemusikkarkivet i Norsk Rikskringkasting har over 200 slåttar i opptak med Glåmos spelemannslag.

Glåmos spelemannslag har ein fast svip og dåm over spelet som er uvanleg i lagspel. På Glåmos har dei ein lokal slåttetradisjon etter Ole Sulhus (1811-1897) og Ole Klemmetvold (1871-1948). Dertil kjem påverknad frå den svenske Härjedalsmusikken på den eine sida og tradisjonen frå Gudbrandsdalen og Østerdalen på den andre side. Dette har tilsaman danna bakgrunnen for den del av Rørosmusikken som Glåmos spelemannslag representerer, og som er av den mest serprega folkemusikk på vanleg fele vi har her i landet.

/Rolf Myklebust, 1970

**POLS** er ein pardans i 3/4 takt som høyrer heime i Østerdalen, Trøndelag, Nord-Noreg og på Nordmøre. Det finns ei rekkje lokale variantar av dansen, truleg norske omformingar av polske renessansedansar som spreidde seg til Skandinavia på 1600 talet. Den mest kjende varianten finn vi i området kring Røros; der vert polsen dansa på vanleg dansemoro av ungdomen den dag i dag og er soleis ein av dei mest levande norske folkedansane.

## SLÅTTER FRÅ TRØNDELAG

**Hilmar Alexandersen, fele:**
01. Bruremarsj frå Innherred
02. Pols frå Innherred
03. Vals frå Innherred
04. Vals frå Innherred
*Opptak: 26.-28.01.1955, studio, Trondheim.*

**Hilmar Alexandersen, hardingfele:**
05. Bånsull
06. Lokketonar
07. Pål sine høner, gammal melodi
*Opptak: 09.10.1956, studio, Trondheim.*

08. Tussepols, av Hilmar Alexandersen
*Opptak: 07.10.1957, studio, Trondheim.*

---

Spor 01–08 også gjeve ut på RCA FEP 14
Spor 09–14 også gjeve ut på RCA FEP 19
Spor 15–23 også gjeve ut på RCA FEP 39
Spor 24–30 også gjeve ut på RCA FEP 38 (spor 27–30 ikkje utgjeve på LP)



## SLÅTTAR FRÅ RØROSTRAKTENE

**Sven Nyhus, fele:**
09. Gammal bruremarsj (Brudeslåtten)
*Opptak: 21.03.1952, studio, Oslo.*

10. Tydalingen, pols
*Opptak: 22.03.1952, studio, Oslo.*

11. Gammal hoppvals
*Opptak: 21.03.1952, studio, Oslo.*

12. Mesterleken, pols
*Opptak: 27.03.1952, studio, Oslo.*

13. Gammal reinlendar
*Opptak: 26.03.1952, studio, Oslo.*

14. Martnasvals
*Opptak: 27.03.1952, studio Oslo.*

15. Ola Reppom, pols
16. Vuggleken, pols
17. Bruremarsj frå Ålen
*Opptak: 26.06.1961, studio, Oslo.*

18. Vals etter Smed-Jens, Jens Smed (1804-188), Røros, Sør-Trøndelag.
*Opptak: 16.11.1961, studio, Oslo.*

19. Fandens polsdans
*Opptak: 04.03.1952, studio, Oslo.*

**Peder Nyhus og Sven Nyhus, feler:**
20. Vals
21. Va det je, hell va det du, vals
22. Grautmarsjen
23. Siste lek Sulhusgubben spella, pols
*Opptak: 11.01.1962, studio, Oslo.*

**Glåmos spelemannslag:**
24. Aursundvalsen
*Opptak: 06.02.1956, studio, Oslo.*

25. Brudeslåtten, marsj
*Opptak: 07.02.1956, studio, Oslo.*

26. Storkaren, pols
*Opptak: 06.02.1956, studio, Oslo.*

27. Fikservalsen
28. Leken hass Knut Elven, pols
*21.04.1960, studio, Oslo.*

29. Reinlender
30. Hoppvals
*06.02.1956, studio, Oslo.*

Glåmos spelemannslag: Kristine Wivelstad (1902–92), fele. Peder Nyhus (1905–94), fele. Olav Nyhus (f.1933), fele. Sven Nyhus (f. 1932), fele. Harald Gullikstad (f. 1939), fele. Anna Nyhus (1904–79), zither.